



## Nettverk i kreftomsorg og lindrende behandling i Helse Bergen foretaksområde

### ÅRSPLAN 2019

Årsplanen byggjer på følgjande dokument:

- Avtale om drift av nettverk i kreftomsorg og lindrande behandling i Helse Bergen HF sitt føretaksområde
- Strategi for nettverket 2017 - 2020
- Funksjon og ansvar for ressursjukepleiar / ressurspersonar

#### Målsetting for nettverket

Bidra til kompetanseheving og betra samhandling på alle nivå i helsetenesta, slik at kreftpasientar i alle fasar av sjukdomen og pasientar med behov for lindrande behandling, og deira pårørande, opplever tryggleik og mottar helse- og omsorgstenester av god kvalitet.

#### Nettverket skal kjenneteiknast av:

- høgt engasjement og fagleg kompetanse
- god leiingsforankring og leiingsinvolvering
- eit aktivt utviklingsarbeid innan kreftomsorg og lindrande behandling, i tråd med utvikling av faget og sentrale føringar
- eit utstrakt samarbeid på tvers av fag og etat.
- ein dynamisk og velfungerande nettverksorganisasjon
- høg etisk standard

#### Plan for arbeidet i 2019

Årsplanen er delt inn etter satsingsområda i Strategi for nettverket 2017 - 2020. Tema det skal arbeidast særskilt med i nettverksgrupper i år: «Sorg», «Barn som pårørande», «Rehabilitering og aktivitet» og «Når noko går galt».

Ressurspersonar skal saman med sin leiar utarbeida og setja i verk eigen arbeidsplan for 2019 med utgangspunkt i årsplanen. Skjemaet «Arbeidsplan» ligg på nettverket si nettside. Ressursjukepleiarar blir også tilrådd å bruka dokumentet «Veileder for samtale med leder om ressursjukepleierfunksjonen» i møtet med leiar.

#### *Tema 2019:*

- «Sorg»
- «Barn som pårørande»
- «Når noko går galt»
- «Rehabilitering og aktivitet»

## 1. Pasient- og pårørandearbeid

**Mål:** Bidra til at helse- og omsorgstilbodet til pasientar og pårørande er av høg kvalitet

**Delmål 1:** Auka etisk medvit/ refleksjon hjå ressurspersonane i sin kliniske kvardag

**Aktivitet**

- Etisk refleksjon på nettverksmøte
- Invitera representant frå trus- og livssynssamfunn på nettverksmøte

**Ansvar**

- Driftsgruppene og kvar enkelt ressursperson

**Delmål 2:** Auka bruk av aktuelle verktøy som ESAS-r, ESAS sekundærobserveringsskjema, smertekart, IP, Livets siste dagar – plan for lindring i livets slutfase

**Aktivitet**

- Informasjon og undervisning på introduksjonskurs
- Ressurspersonar kartlegg bruk av aktuelle verktøy på eigen arbeidsplass
- Ressurspersonar tar i bruk og stimulerer til bruk av aktuelle verktøy på eigen arbeidsplass

**Ansvar**

- Driftsgruppene og kvar enkelt ressursperson

**Delmål 3:** Auka bruk av aktuelle retningslinjer og prosedyrar

**Aktivitet**

- Visa til aktuelle retningslinjer og prosedyrar i forkant av nettverksmøte
- Ressurspersonar set seg inn i aktuelle retningslinjer og prosedyrar, og stimulerer til bruk av desse på eigen arbeidsplass

**Ansvar:**

- Driftsgruppene og kvar enkelt ressursperson

**Delmål 4:** Styrka kunnskap om kreftpasientar i alle fasar av sjukdommen

**Aktivitet**

- Auka medvit/ refleksjon rundt pasientar i alle fasar av sjukdommen
- Stimulera til hospitering på vardesenteret og samtale med pasientar og pårørande der

**Ansvar**

- Driftsgruppene og kvar enkelt ressursperson

**Delmål 5:** Betre kompetanse innan sorg og etterlattearbeid

**Aktivitet**

- Undervisning om sorg av sjukeheimsprest Lars Helge Myrset på lokale nettverksmøter

**Ansvar**

- Driftsgruppene og kvar enkelt ressursperson

**Delmål 6:** Styrka kunnskap om rehabilitering og aktivitet

**Aktivitet**

- Ha rehabilitering og aktivitet som tema på fysio- og ergoterapinettverket sitt nettverksmøtet til våren
- Formidla ny kunnskap til kollegaer og anvende ny kunnskap i eigen arbeidskvardag

**Ansvar**

- Driftsgruppa og kvar enkelt ressursperson

## 2. Kompetanse

**Mål:** Styrka kompetansen i kreftomsorg og lindrande behandling

**Delmål 1:** Ressurspersonar deltar på alle nettverksmøte og årleg fagdag og har eit medvite forhold til rolla som ressursperson

### Aktivitet

- Gjera tidleg kjent alle datoar som blir planlagt til arbeid i nettverket
- Framleis fokus på rolla som ressursperson på nettverksmøte
- Stimulera til at ressurspersonar deler sine erfaringar med kvarandre på nettverksmøte/ årleg fagdag

### Ansvar

- Driftsgruppene og kvar enkelt ressursperson

**Delmål 2:** Auka kompetanse hos ressurspersonane

### Aktivitet

- Senda velkomstbrev til nye ressurspersonar
- Arrangera introduksjonskurs
- Arrangera tre møte i alle lokale nettverksgrupper i sjukepleienettverket. Dei obligatoriske tema er «barn som pårørende» og «sorg, etterlattearbeid»
- Arrangera samling i fysio- og ergoterapinettverket der tema er «rehabilitering og aktivitet»
- Arrangera årleg fagdag, der hovudtema er «Når noko går galt».
- Stimulera til deltaking på aktuelle kurs og konferansar
- Stimulera til hospitering:
  - Oppmuntra til at ressursjukepleiarar brukar hospiteringsplanen
  - Utarbeida hospiteringsplan for fysio- og ergoterapinettverket
- Informera om relevante publikasjonar og forskingsresultat via nettsider, på nettverksmøte og i nyhende-brev.

Møte i lokale nettverksgrupper i sjukepleienettverket:

Nettverksgruppe			
Bergen I	13. februar	15. mai	18. september
Bergen II	29. januar	28. mai	24. september
Bergen III	14. februar	9. mai	5. september
Vest	6. februar	8. mai	4. september
Midthordland	4. februar	3. juni	30. september
Nordhordland	12. februar	21. mai	17. september
Voss	7. februar	23. mai	26. september

Nettverksmøte for våren i fysio- og ergoterapinettverket: Tema: Rehabilitering og aktivitet. Blir arrangert i mai/juni. Dato kjem seinare.

### Ansvar

- Driftsgruppene og kvar enkelt ressursperson

**Delmål 3:** Fleire ressurspersonar vidareformidlar kunnskap på sin arbeidsplass

### Aktivitet

- Reflektera saman på nettverksmøte om å ta med kunnskap tilbake til arbeidsplassen

- Stimulera til, og leggja til rette for at ressurspersonane deler sin kunnskap frå møte i lokale nettverksmøte/ samling i fysio- og ergoterapinettverk, og frå årleg fagdag
- Motivera ressurspersonar til kunnskapsdeling på sine arbeidsplassar ved å bruka undervisningspakkar om ESAS-r, IP, grunnleggande palliasjon og om nettverket, eller bidra med annan undervisning

**Ansvar**

- Driftsgruppene og kvar enkelt ressursperson

**Delmål 4:** Fleire ressurspersonar har medverka til fagleg utviklingsarbeid

**Aktivitet**

- Informera om prosjektmidlar frå Helsedirektoratet og oppmuntra, blant anna gjennom nyhendeletter, til å søka på desse
- Ressurspersonar vurderer aktuelle utviklingsområder på eigen arbeidsplass, samt mogelegheit for deltaking i dette

**Ansvar**

- Driftsgruppene og kvar enkelt ressursperson

### 3. Organisering og drift av nettverket (driftsgruppene sine oppgåver)

**Mål:** Vera eit vel fungerande og fullt utbygd nettverk

**Delmål 1:** Rolla som ressursperson er kjend og tydeleg definert

**Aktivitet**

- Erfaringsutveksling og diskusjon om ressurspersonrolla på nettverksmøte

**Delmål 2:** Fullt utbygd nettverk i heile området til helseføretaket

**Aktivitet**

- Kontinuerleg arbeid for rekruttering av ressurspersonar og erstatning av ressurspersonar som går ut.
- Kontakta leiarar for dei kommunale ergo-/fysioterapitenestene for å stimulera til å utnemna ergoterapeutar.

**Delmål 3:** God deltaking på nettverksmøte

**Aktivitet**

- Fastsetja møtedatoar og spreie denne informasjonen så tidleg som mogeleg, både til ressurspersonar og til leiarar
- Bruka «Rutine ved fråvær» ved fråvær på lokale nettverksmøte (gjeld sjukepleienettverket)
- Føra fråværsstatistikk og følgja denne opp ved lengre fråvær (gjeld fysio- og ergoterapinettverket)

**Delmål 4:** Godt samarbeid mellom sjukepleienettverket og fysio- og ergoterapinettverket

**Aktivitet**

- Oppmoda til lokalt samarbeid og invitera til kvarandre sine møte når det er relevante tema
- Arrangera felles introduksjonskurs, årleg fagdag og skriva og senda ut felles nyhendeletter, årsrapport og årsplan

**Delmål 5:** Nettverket skal vera kjend blant helsepersonell og for aktuelle pasientar og pårørande

**Aktivitet**

- Utdeling av nye brosjyrar om sjukepleienettverket

- Oppmoda ressursjukepeiarar til å oppsøka legekantor og informera om nettverket og distribuera brosjyrar
- Kontinuerleg oppdatera nettsider og namnelister
- Utarbeide eigen brosjyre for fysio- og ergoterapinettverket (overført frå 2018)
- Søka kompetanse- og innovasjonstilskot hjå Fylkesmannen innan fristen til våren.

**Ansvar**

- Driftsgruppene og KLB

**Delmål 6:** Gjennomføra formelle oppgåver for drift av nettverket

**Aktivitet**

- Førebu og delta på møte i styringsgruppa
- Gjennomføra møte i driftsgruppene
- Oppretta og gjennomføra møte i arbeidsgrupper for introduksjonskurs og årleg fagdag
- Utforma og senda ut nyhendebrev vår/ vinter
- Utarbeida årsrapport for 2019 og årsplan for 2020

**Ansvar**

- Leiarane for driftsgruppene

**Delmål 7:** Evaluera nettverksdrifta

**Aktivitet**

- Gjennomføra og følga opp årleg rapportering frå ressurspersonar og næraste leiar

**Ansvar**

- Driftsgruppene og KLB

## 4. Leiingsforankring

**Mål:** Vera forankra i leiinga på alle nivå

Leiar og ressursperson er gjensidig forplikta på nettverksarbeid

**Delmål 1:** Leiarane på alle nivå er kjend med arbeidet i nettverket.

**Aktivitet**

- Årsrapport 2018 og årsplan 2019 blir sendt til postmottaket i alle kommunar

**Ansvar**

- Leiarane for driftsgruppene og KLB

**Delmål 2:** Ressurspersonane sin næraste leiar er kjend med nettverket og ressurspersonrolla

**Aktivitet**

- Utarbeida og senda velkomstbrev til nye leiarar med aktuelle dokument vedlagt
- Senda referat frå nettverksmøte i sjukepleienettverket til alle leiarar
- Senda nyhendebrev til alle leiarar

**Ansvar**

- Leiarane for driftsgruppene

**Delmål 3:** Alle ressurspersonar har årleg møte med sin leiar med gjennomgang av ressurspersonen sin arbeidsplan

**Aktivitet**

- Stimulera ressurspersonar til å ta initiativ til samtale med leiar og etterspørja på nettverksmøte korleis møte med leiar har vore
- Stimulera til bruk av samtalemal

**Ansvar**

- Driftsgruppene og kvar enkelt ressursperson

## 5. Samhandling

**Mål:** Betre samhandling rundt kreftpasientar og pasientar i palliativ fase

**Delmål 1:** Auka bruk av IP til bruk i palliasjon for aktuelle pasientar

**Aktivitet**

- Stimulera ressurspersonar til å ta i bruk undervisningspakken om IP for ressurspersonar
- Oppmoda ressurspersonar til å initiere bruk av IP på sin arbeidsplass
- Oppmoda ressurspersonar til å etterspørja IP som er i bruk

**Ansvar**

- Driftsgruppene og den enkelte ressursperson

**Delmål 2:** Auka tverrfaglig samarbeid og samhandling mellom nivåa

**Aktivitet**

- Invitera aktuelle tverrfaglige samarbeidspartnarar til lokale nettverksmøte
- Dela gode erfaringar og eksempel på samarbeid på nettverksmøte
- Informera om nettverket i PKO-nytt til fastlegane

**Ansvar**

- Driftsgruppene og den enkelte ressursperson

**Delmål 3:** Fremja samhandling med brukarorganisasjonar og pårørandeorganisasjonar

**Aktivitet**

- Invitera brukarrepresentant inn på et driftsgruppemøte i løpet av året
- Invitera representant frå NAV eller annan fagperson med kompetanse innan økonomiske støtteordningar til lokale nettverksmøte

**Ansvar**

- Driftsgruppene

**Delmål 4:** Auka samarbeid med koordinatorar for pakkeforløpa i spesialisthelsetenesta

**Aktivitet**

- Invitera koordinator for eit pakkeforløp til eit møte i driftsgruppa i løpet av året

**Ansvar**

- Leiar for sjukepleienettverket